



Fastsett utgreiingsprogram



*Utviding av Jotunheimen nasjonalpark i kommunane
Vågå, Øystre Slidre, Årdal og Luster.*



Saksbehandlarar: Harald Klæbo og Halvor Røssum.
Statsforvalteren i Innlandet og Statsforvaltaren i Vestland, 21.5.2026.

Forsidebildet: Frå området rundt Fisketjernet på Valdresflye.
Foto: Halvor Røssum.

Samandrag

Utviding av Jotunheimen nasjonalpark er ein del av oppdraget «Bevaring av verdifull natur» gjeve til statsforvaltarane av Klima- og miljødepartementet. Oppdraget om utviding av Jotunheimen omfattar i areal i to fylke, Innlandet og Vestland. Nytt nasjonalparkvern skal etter St. meld «Natur for livet» basere seg på ein lokal aksept i den einskilde kommune. I perioden 2021-2024 gjennomførte Statsforvaltaren i Innlandet og Statsforvaltarane i Vestland ein sonderingsprosess med utarbeiding av grunnlagsdokument for kommunane. Innan juni 2024 hadde 4 av 8 kommunar rundt Jotunheimen gjort vedtak om ein aksept for utvida vern. Denne oppstartsmeldinga med utgreiingsprogram varslar oppstart av verneplanprosess i Vågå, Øystre Slidre, Luster og Årdal.

Arealomfanget av dei aktuelle utvidingane er 324 km² og vil derfor omfattast av forskrift om konsekvensutgreiingar (KU-forskrifta). Det vil seie at det må lagast ei konsekvensutgreiing. Dei to statsforvaltarane har til no hatt ulik framdrift i prosessen, men frå hausten 2025 vil arbeidet vere samordna og skje parallelt i dei to fylka. Statsforvaltaren i Innlandet har så langt fått utarbeidd fagrapportar på åtte ulike tema (ein fagrapport er ein faktabasert gjennomgang av temaet). Statsforvaltaren i Vestlandet vil bestille/lage sjølv dei same fagrapportane. På bakgrunn av fagrapportane vil Statsforvaltarane bestille ein utgreiing av påverknad på tema reiseliv og konsekvensutgreiing (KU) for landbruk. For dei andre tema vil Statsforvaltarane sjølve stå for KU-vurderingar.

Det er laga ein tidsplan for heile verneprosessen – levering av KU er sett til september 2026 og med høyring av verneplanframlegget fyrste halvdel av 2027. Det kan vere realistisk å forvente vernevedtak i 2027/28.

Det er sett ned arbeidsgrupper i kvar kommune. Arbeidsgruppene er sett saman av representantar for ulike bruksinteresser og gruppene vil gje informasjon om bruken av områda i dag og gje råd om utforming av vernereglar.

I tillegg til medverknad frå interessegrupper i arbeidsgruppene, er det lagt opp til brei medverknad i verneprosessen.

Utgreiingsprogrammet som ligg ved oppstartsmeldinga skildrar kva for tema det må lagast fagrapportar for, og korleis konsekvensvurderingar og andre påverknadsvurderingar skal gjennomførast. Det har vore høve til å gje innspel til melding om oppstart/utgreiingsprogrammet innan 1. september 2025. Med bakgrunn i innspela har Miljødirektoratet gitt kommentarar til forslaget, og fastsett endeleg utgreiingsprogram.

Innhald

1.	Innleiing.....	6
1.1	Bakgrunnen for arbeidet.....	6
1.2	Proessen til no.....	6
1.3	Innhald i den vidare prosessen	7
1.4	Formålet med utgreiingsprogrammet	11
2.	Rammer for utgreiing.....	11
2.1	Utgreiingsprogram for konsekvensutgreiingar	12
2.2	Kva inneheld ei konsekvensutgreiing?	12
2.3	Handsaming av verneplan med konsekvensutgreiing.....	12
3.	Omtale av verneplanen - skildring av områda vi melder oppstart for	13
3.1	Vågå kommune:.....	13
3.1.1	Hindflyin.....	13
3.1.2	Leirungsdalen	13
3.2	Øystre Slidre kommune	14
3.3	Årdal kommune	15
3.3.1	Områda aust for riksveg 55 og Tindevegen, mellom Berdalsbandet og Botnanosi.....	15
3.3.2	Områda nord for riksveg 53, mellom Øvre Årdal og Tyinosen	15
3.3.3	Vestlege sidedalar til Utladalen og området rundt Falketind, i Årdal kommune	15
3.4	Luster kommune	16
3.4.1	Området aust for riksveg 55 og Tindevegen, mellom Prestesteinsvatnet og Berdalsbandet	16
3.4.2	Vestlege sidedalar til Utladalen, i Luster kommune	17
3.5	Aktuell verneform	17
4.	Juridisk grunnlag for utvida vern.....	17
4.1	Lovgrunnlag	17
4.2	Verneføremål	18
4.3	Restriksjonsnivå ved eit vern	18
4.4	Erstatning	19
4.5	Forvaltningsplan	19
5.	Tema og problemstillingar for miljø og samfunn til utgreiing i prosessen framover	20
5.1	Generelt om innhaldet i konsekvensutgreiinga	20
5.2	Metode	20

5.3 Tema og problemstillingar vi vil greie ut.....	21
5.3.1 Tema som skal greiast ut etter KU-forskrifta	21
5.3.2 Tema som skal greiast ut som ikkje er omfatta av KU-forskrifta.....	23
5.3.3 Samla vurdering	24
Konsekvensutgreiinga skal samanstillе og samanlikne konsekvensane av ulike alternativ, og vurdere desse opp mot relevante planar, mål og retningslinjer, mellom anna:	24
☐ Internasjonale mål for naturmangfald (det globale Kunming–Montreal-rammeverket for naturmangfald, ofte kalla «Naturavtalen» og FNs berekraftsmål),	24
☐ Natur for livet – norsk handlingsplan for naturmangfald (2015),.....	24
☐ Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 35, 2023–2024) med nasjonale mål for naturmangfald, inkludert mål 1.3 om bevaring av eit representativt utval av norsk natur,	24
☐ eksisterande verneområde,	24
☐ kommunale samfunns- og arealplanar.	24
5.4 Fagrapportar som allereie er bestilt.....	24
5.5. Konsekvensutgreiing med utgangspunkt i fagrapportane	25
6. Medverknad.....	26
6.1 Kva er medverknad?	26
6.2 Korleis kan ein medverke?	27
6.3 Arbeidsgrupper.....	27
6.3.1 Arbeidsgrupper i Innlandet	27
6.3.2 Forslag til arbeidsgrupper i Vestland	28
7. Vidare arbeid	29
7.1 Framdriftsplan	29
7.2 Utarbeiding av verneforslag	30
7.3 Innspel til oppstartsmelding og utgreiingsprogram	31
Vedlegg 1.....	34

1. Innleiing

1.1 Bakgrunnen for arbeidet

I 2015 kom stortingsmeldinga «Natur for livet – norsk handlingsplan for naturmangfald».

Stortingsmeldinga slo fast at vi må ta vare på naturen rundt oss; både eit representativt utval av norsk natur, men også artar og naturtypar som er utrydningstruga.

Vern av natur er eit av dei beste og mest effektive verkemidla for å ta vare på naturmangfaldet. Å sikre areal mot fysiske inngrep er med å trygge leveområdet til dei artane som lever der, både for notida og framtida. I tillegg vil vern vere med å danne meir samanhengande økologiske nettverk, noko som vil gjere naturen betre rusta til å møte klimaendringane vi veit kjem.

I 2018 bad Klima- og miljødepartementet (KLD) Miljødirektoratet om å identifisere aktuelle område for vern. Etter forslag frå statsforvaltarane leverte Miljødirektoratet i mai 2019 ei tilråding til KLD om kva for område som burde inkludert i den vidare prosessen. I november 2021 fekk Statsforvaltarane i oppdrag frå Miljødirektoratet å gå vidare med arbeidet for nokre av desse områda. Oppdraget blir kalla «Bevaring av verdifull natur». Dei mange gode grunnane til å verne natur dannar bakgrunnen for dette oppdraget:

«Formålet med prosessene er vern av områder som skal bidra til å danne økologiske nettverk og gjøre norsk natur mer robust mot klimaendringer, samt å dekke manglene i eksisterende verneområder slik at vi når det nasjonale målet om å ta vare på et representativt utvalg av norsk natur for framtidige generasjoner og målet om å ta vare på truet natur.»

Du kan lese meir om bakgrunnen for oppdraget her: [Bevaring av verdifull natur - miljodirektoratet.no](https://miljodirektoratet.no/verneplanarbeidet)

1.2 Prosessen til no

Statsforvaltaren i Innlandet og Statsforvaltaren i Vestland fekk begge i oppdrag å starte arbeidet med å utvide Jotunheimen nasjonalpark. Statsforvaltaren i Vestland fekk også i oppdrag å starte prosess for å endre verneform for delar av Utladalen landskapsvernområde.

I denne verneprosessen er lokal aksept frå kommunane eit premiss både for å melde oppstart av sjølve verneprosessen og for eit endeleg vedtak om vern.

Etter lokalpolitiske prosessar i dei åtte aktuelle kommunane i Innlandet og Vestland har vi no fått lokal aksept til å melde oppstart av vernearbeid i fire av kommunane; Øystre Slidre, Vågå, Luster og Årdal.

I prosessane som leia fram mot lokalpolitisk aksept i dei fire kommunane har det vore mange møte; med grunneigarar, kommunane, organisasjonar, folkemøte osv. I tillegg har vi fått mange skriftlege innspel. Vi tek med oss innspela vi har fått til nå inn i det vidare verneplanarbeidet.

Før kommunane skulle ta stilling til om dei skulle gi sin aksept til å starte verneplanprosessen, fekk dei lagt fram eit grunnlagsdokument utarbeida av Statsforvaltarane. Målet med dokumentet var å gi kommunane eit best mogeleg grunnlag for å vite kva dei skulle gje aksept til. Dokumenta som ble lagt fram for politisk handsaming i kommunane er:

- [Bevaring av verdifull natur - «supplerende vern» - Lom, Vågå, Sel, Nord-Fron, Vang og Øystre Slidre kommuner. Statsforvalteren i Innlandet, 05.11.22.](#)
- [Bevaring av verdifull natur – ei mogeleg utviding av Jotunheimen nasjonalpark i Luster kommune. Statsforvalteren i Vestland, 06.06.23](#)
- [Bevaring av verdifull natur – ei mogeleg utviding av Jotunheimen nasjonalpark i Årdal kommune. Statsforvalteren i Vestland, 08.04.24](#)

Tabell 1. Viser når dei ulike kommunane behandla spørsmålet om lokal aksept for oppstart av verneplanarbeidet. Merk at kommunane har behandla spørsmålet om aksept i løpet av ein periode på over 1,5 år, med det fyrste vedtaket i desember 2022, og det siste i juni 2024.

Kommune	Dato	Aksept for oppstart
Vågå	15.12.22	ja
Sel	13.02.23	nei
Nord-Fron	14.02.23	nei
Vang	19.02.23	nei
Lom	21.03.23	nei
Luster	22.06.23	ja
Øystre Slidre	24.04.24	ja
Årdal	20.06.24	ja

Tabell 2. Areal i km² som denne verneplanen omfattar som nytt verneareal og endring av verneformål frå landskapsvernområde (LVO) til nasjonalpark (NP).

Kommune	Forslag til nytt verneareal (km ²)	Endring frå LVO til NP (km ²)	Totalt areal (km ²) – nytt vern og endring av verneformål
Vågå	92		92
Øystre Slidre	46		46
Luster	24	17	41
Årdal	54	91	145
Totalt	216	108	324

1.3 Innhald i den vidare prosessen

Den formelle verneprosessen startar når Statsforvaltarane sender ut oppstartsmelding med forslag til utgreiingsprogram. Utgreiingsprogrammet skildrar korleis ein skal hente inn informasjon om brukarinteresser i området og moglege konsekvensar av vern. Etter at Statsforvaltarane sendte ut oppstartsmeldinga med utgreiingsprogram, var det ei høyringsperiode der alle kunne kome med innspel på innhaldet. Etter høyringsperioda gjorde Statsforvaltarane mindre endringar i utgreiingsprogrammet, og sendte det justerte utgreiingsprogrammet til Miljødirektoratet for merknadar, og endeleg godkjenning.

Lokale arbeidsgrupper er satt ned i Vågå, fleire vil bli satt ned i resten av kommunane. Desse vil bestå av representantar for dei som har interesser i området, og vil ha ei rådgjevande rolle gjennom heile prosessen. Arbeidsgruppene vil også bli involvert i arbeidet med fagrapportane, der dette er naturleg (sjå faktaboks s 10).

Den neste fasa består av innhenting av fagrapportar på ulike felt, som legg grunnlaget for ei konsekvensutgreiing av kva eit vern har å seie for ulike brukarinteresser i området. Nokre av fagrapportane vil vi bestille frå eksterne, andre vil vi skrive sjølv med intern kompetanse. Innlandet har allereie kome langt med innhentinga av fagrapportar (sjå faktaboks for ordforklaring). Å finne ut kva verneform som er mest aktuell for dei ulike utgreiingsområda høyrer også til denne fasa av arbeidet. Arbeidet vil vere ope og tilgjengeleg for alle. Informasjonen som kjem fram gjennom arbeidet med konsekvensutgreiinga vil utgjere ein viktig del av grunnlaget for det vidare arbeidet, saman med innspel vi får frå andre aktørar gjennom prosessen.

Etter at konsekvensutgreiinga er klar vil Statsforvaltarane utarbeide eit verneframlegg som inkluderer forslag til avgrensing av utvidingsområdet, og forslag til endringar som må gjerast i verneforskrifta. Dette verneframlegget skal høyrast. I høyringa vil det vere høve til å uttale seg for alle som ønskjer det. Etter at vi har fått innspel på verneframlegget vil vi med utgangspunkt i innkomne innspel vurdere å gjere endringar på verneframlegget.

Etter dette vil Statsforvaltarane komme med ei tilråding til Miljødirektoratet. Statsforvaltaren vil berre tilrå vern av område som kommunane har gitt sin lokale aksept til. Miljødirektoratet sender deretter si tilråding vidare til Klima- og Miljødepartementet, før det eventuelt blir eit vernevedtak gjennom kongeleg resolusjon.

Kommunane vil gjennom verneprosessen vere høyringspartar på lik line med andre interessentar. Den lokale aksepten kommunane har gitt gjeld heilt til kommunane eventuelt vedtek noko anna. Det kan kommunane gjere gjennom heile prosessen. Dersom kommunane vedtek at aksepten er borte vil vi stoppe verneplanprosessen for det respektive arealet.

Tabell 3. Tabellen på neste side er ei skjematisk framstilling av gangen i verneplanprosessen, frå mottak av oppdrag til eit eventuelt vernevedtak av Kongen i statsråd. Tabellen visualiserer også korleis framdrifta i prosessen blir, dersom alt går som planlagt. Den svarte lina markerer kor langt vi har kome i prosessen til no. Oransje boksar markerer steg i verneplanprosessen der medverknad står sentralt (høyringsfasar). Dei grøne boksane markerer steg i verneplanprosessen som går føre seg etter at Statsforvaltarane har sendt si tilråding til Miljødirektoratet. Desse stega er det ikkje Statsforvaltarane som er ansvarlege for å gjennomføre, og vi har difor ikkje estimert tidsbruken.

	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Mottak av oppdragsbrev							
Informasjonsfase mot kommunane og andre aktørar							
Vedtak om lokal aksept for oppstart							
Utarbeiding av oppstartsmelding og utgreiingsprogram							
Høyring av oppstartsmelding og utgreiingsprogram							
Miljødirektoratet fastset utgreiingsprogram							
Utarbeiding av fagrapportar							
Konsekvensutgreiing							
Utarbeiding av verneframlegg							
Fagleg gjennomgang av Miljødirektoratet							
Høyring av verneframlegg							
Utarbeiding av tilråding							
Tilråding frå Statsforvaltarane til Miljødirektoratet							
Tilråding frå Miljødirektoratet til Klima- og miljødepartementet							
Klima- og miljødepartementet førebur kongeleg resolusjon							
Vernevedtak av Kongen i statsråd							

Ordforklaringar

Oppstartsmelding – offentlig brev frå Statsforvaltarane til alle med interesser i område om at verneplanarbeidet startar. Utgreiingsprogrammet vil vere vedlegg til melding om oppstart. I ei periode etter at det er meldt oppstart blir det høve til å kome med innspel om bruksinteresser som må takast omsyn til i prosessen, samt gje innspel på korleis utgreiing av fagtema og konsekvensar er lagt opp. Oppstartsmeldinga er offentlig, slik at ålmenta og kan kome med innspel. Vanlegvis er det ein kortare frist for innspel enn høyring. Ei oppstartsmelding skal høyrast i minimum 4 veker.

Utgreiingsprogram (dette dokumentet) – ei samla framstilling av korleis Statsforvaltarane vil utarbeide fagrapportar på ulike tema og konsekvensutgreiing. Utgreiingsprogrammet skal og vise korleis ein skal sikre medverknad. Utgreiingsprogram vil innehalde ein samla plan for verneplanarbeidet.

Fagrapport – reint fagleg skildring av ulike tema, utan å gå inn på vurdering av konsekvensar med eller utan vern. Ein fagrapport er faktabasert og vil presentere resultat frå eit arbeid eller undersøking saman med samanstilling av eksisterande kunnskap på feltet. Ein fagrapport vil vere nøytral og etterprøvbar.

Konsekvensutgreiing – vurdering av kva for konsekvensar (verknad) eit vern vil ha på ulike fagtema sett i høve til om det ikkje blir vern (0-alternativet). Ei konsekvensutgreiing skal også omfatte en gjennomgang av aktuelle avbøtande tiltak. Ei konsekvensutgreiing vil basere seg på fagrapportane seg på dei ulike tema og vil ha vurderingar av konsekvens av eit vern i tillegg.

Arbeidsgruppe – ei gruppe samansett av representantar med ulike interesser i områda som er foreslått for vern. Mandatet til gruppa i eit verneplanarbeid vil vere å gje innspel/råd til Statsforvaltarane både i høve til å beskrive bruken av områda i dag, og kome med innspel til korleis interessene skal vurderast i eit vern. Medlemmer i gruppa kan bli spurt om å bidra med innspel til fagrapportar, og eller bidra med egne utgreiingar av bestemte tema. Arbeidet i gruppene vil bli godtgjort etter Statens satsar for utvalsarbeid, om dei ikkje har løn frå den verksemda dei representerer frå før.

Høyring – ein høyring blir gjennomført når forvaltninga har utforma et konkret verneforslag. I dette tilfellet vil høyringa innehalde forslag om ny avgrensing av verneområdet, saman med forslag til endring av verneforskrifta (evt. ny verneforskrift). Verneplanforslaget sendes ut til grunneigarar, rettshavarar, interesseorganisasjonar, kommunar og fylkeskommunar. Høyring er offentlig slik at ålmenta også kan gje innspel i høyringa. Høyringsperioden vil vere på minimum 8 veker.

Tilråding – Statsforvaltarane si endelege anbefaling av vernegrenser og verneforskrift. Alt det tidlegare arbeidet i prosessen (fagrapportar, konsekvensutgreiing, innspel til oppstartsmelding og høyring) vil ligge til grunn for, og vere vedlagt, Statsforvaltarane si tilråding. Statsforvaltarane sender si tilråding til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet sender så si tilråding til Klima- og miljødepartementet.

Kongeleg resolusjon – formelt vedtak gjort av Kongen i statsråd, altså regjeringa i møte med kongen.

1.4 Formålet med utgreiingsprogrammet

Formålet med utgreiingsprogrammet (sjå faktaboks s 10) er å informere om den kommande verneprosessen, innleie til medverknad i verneprosessen, og å vise korleis vi skal skape eit godt grunnlag for utarbeiding av høyringsforslag. Vi ønskjer at alle med meiningar om arbeidet og interesser i områda skal kome med innspel til utgreiingsprogrammet. I tillegg ønskjer vi innspel om noverande bruk av områda og ønskt framtidig bruk av områda, jf. kapittel 8 og oppstartsbrevet.

Det er verneverdiane i området som skal danne grunnlag for eit eventuelt forslag om vern. Verneplanprosessen skal gjere greie for, og i størst mogleg grad, avklare forholdet til andre samfunnsinteresser.

Størrelsen på det aktuelle utvidingsområdet utløyser krav om konsekvensutgreiing, og difor skal konsekvensane eit vern har på verdiar og interesser i området vurderast grundig. Eksisterande kunnskap skal nyttast, og det vil i tillegg bli gjort nye kartleggingar innafor mange fagområde for å gi eit betre beslutningsgrunnlag. I fleire kommunar er det satt i gang arbeid med fagrapportar om viktige tema som kan bli berørt av eit vern. Dei fleste av fagrapportane er klare for Vågå og Øystre Slidre. For Luster og Årdal vil fagrapportane vere klare i løpet av hausten 2025. For å få ei god oversikt over eksisterande bruk, verdiar og interesser i området er vi i tillegg avhengige av innspel frå grunneigarar og andre berørte partar.

Delar av området vi melder oppstart for i Luster og Årdal kommunar er ikkje matrikkelført med eigar. Dersom nokon har informasjon om eigedomstilhøva i desse områda ønskjer vi også å få tilsendt informasjon om dette.

2. Rammer for utgreiing

Forvaltningslova gir alminnelege reglar for saksbehandlinga ved utarbeiding av forskrifter. I tillegg har naturmangfaldlova særskilde reglar for saksbehandlinga ved oppretting av verneområde. Instruks om utgreiing av statlege tiltak (utgreiingsinstruksen) gjeld òg ved oppretting av verneområde. Vidare kjem dei generelle saksbehandlingsreglane om miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova kapittel II til anvending. For desse prosessane gjeld dessutan krav om konsekvensutgreiing på grunn av den samla storleiken på planområdet.

[Forskrift om konsekvensutredninger av 21.06.2017](#) avklarar når eit verneforslag etter naturmangfaldlova skal innehalde ei konsekvensutgreiinga. Området som vi no melder oppstart av verneplanarbeid for er til saman 324 km² (sjå tabell 2), og dermed over minstekravet for konsekvensutgreiing på 250 km². Dette følgjer av forskrifta sin § 6 bokstav c, og punkt 29 og 30 i forskrifta sitt vedlegg I.

Føremålet med KU-forskrifta er å sikre at omsyn til miljø og samfunn blir vurdert i førebuinga av store planar og tiltak som kan bli gjennomførte. Statsforvaltaren er i vårt tilfelle forslagsstillar (§ 4) og Miljødirektoratet er ansvarleg myndigheit (§ 5).

Miljødirektoratet si handbok om konsekvensutgreiing av klima og miljø, viser korleis ulike klima- og miljøtema skal utgreiast i ei konsekvensutgreiing.

2.1 Utgreiingsprogram for konsekvensutgreiingar

Kapittel 4 i KU-forskrifta gir reglar om at det ved oppstart av verneplanarbeid skal sendast på høyring ei melding med forslag til utgreiingsprogram. Eit utgreiingsprogram kan samanliknast med eit planprogram i plan- og bygningslova.

Eit utgreiingsprogram skal innehalde omtale av:

- a) planen eller tiltaket, det aktuelle området og dei problemstillingane som i den konkrete saka er sett på som viktige for miljø og samfunn
- b) kva forhold som skal greiast ut, og kva metodar som er tenkt nytta for å skaffe naudsynt kunnskap
- c) relevante og realistiske alternativ og korleis desse skal vurderast i konsekvensutgreiinga
- d) verneprosessen, med fristar i prosessen, deltakarar og plan for medverknad frå særleg påverka grupper og andre.

Meldinga skal også innehalde kart over det aktuelle kandidatområdet. Utgreiingsprogrammet omfattar både kartleggingar og utgreiingar som vil bli utført som grunnlag for den ordinære sakshandsaminga av verneforslaget, og for dei utgreiingar som følgjer av KU-forskrifta. På grunnlag av innkomne merknader etter oppstarten, sender Statsforvaltarane revidert forslag over til Miljødirektoratet.

2.2 Kva inneheld ei konsekvensutgreiing?

Kapittel 5 i KU-forskrifta set krav til innhaldet i ei konsekvensutgreiing. Utgreiingsprogrammet skal sikre at desse krava blir oppfylt. Generelt gjeld at konsekvensutgreiingar i innhald og omfang skal vere tilpassa det aktuelle verneforslaget, og vere relevant for dei avgjerdene som skal takast. Ei konsekvensutgreiing skal også omfatte en gjennomgang av aktuelle avbøtande tiltak. Innhaldet i konsekvensutgreiinga er gjort nærare greie for i kapittel 5 i dette dokumentet.

2.3 Handsaming av verneplan med konsekvensutgreiing

Kapittel 6 i KU-forskrifta gir reglar om handsaming av konsekvensutgreiingar. Reglane omfattar krav til høyring og slutthandsaming av saka, og korleis eventuelle endringar i tiltaket etter høyring og tilleggsutgreiingar og oppdateringar skal bli handsama. Parallelt gjeld også naturmangfaldlova §§ 41 til 46 som regulerer saksgangen ved oppretting av verneområde. For å sikre at desse blir følgd opp har Klima- og miljødepartementet utarbeidd rundskriv T-2/15 med sakshandsamingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldlova.

3. Omtale av verneplanen - skildring av områda vi melder oppstart for

I dokumenta som låg til grunn for kommunane sitt ja eller nei til vidare verneprosess, vart det lagt fram ulike vernealternativ av ulike arealstorleik. Både Vågå og Øystre Slidre har gått vidare med avgrensa areal samanlikna med alternativ Statsforvaltaren i Innlandet la fram.


3.1 Vågå kommune:

3.1.1 Hindflyin

Dette er eit inngrepsfritt fjellflyområde som grenser direkte til dagens nasjonalpark. Her er ein landskapstype; «fjellfly», som i liten grad er representert i noverande nasjonalpark. Det er kvartærgeologiske formelement med spesielle ravine/elvelandskap og rik berggrunn med tilhøyrande rik flora. I tillegg til desse naturkvalitetane, vil området kunne bli knytt direkte til to naturreservat i Sjødalen; Baklie og Veogjelet, og nærheit til Stuttgonglie naturreservat på austsida av fv. 51. Området ligg i Langmorkje statsallmenning. Skogen og virkesretten i Langmorkje Statsallmenning blir forvalta som bygdeallmenning av Langmorkje allmenning, med administrasjon og foredlingsanlegg/sagbruk i Randsverk. Skogen som er i søraustlege delar av utgreiingsområde er mellom anna gammal furuskog med lite hogstpåverknad, og med relativt stort innslag av død ved og tyrigadd/tyrileger (keloelement).

3.1.2 Leirungsdalen

Området på sørsida av Gjende, Leirungsdal-området, er eit område som har store naturverdiar. Ein utviding av nasjonalparken ned mot vegen over Valdresflya vil gje eit vern av eit heilskapleg og naturleg samanhengjande område utan vesentlege inngrep. Vidare ville verneområdet få auka mangfald ved at fleire landskapsformer, gode fuglebiotopar og frodige plantesamfunn (høgstaudeeng) vil inkludertast bli ein del av vernet. Eit utvida vern vil kunne omfatte dei nedre delane av Leirungsdalen som omfattar heile våtmarkssystem som drenerer i øvre Leirungen og Gjende. Området ligg på statsgrunn i Langmorke statsallmenning. Knutshø er eit markant landskapselement i nedre Leirungsdalen. Fjellryggen er eit særskilt attraktivt turmål og samanliknast ofte med Besseggen i attraksjonsverdi. Halve fjellryggen er omfatta av dagens nasjonalpark. I dette verneplanframlegget vil heile fjellpartiet inngå i nasjonalparken.



Figur 1. Det grøne området er Jotunheimen nasjonalpark. Det oransje området er Utladalen landskapsvernområde. Områda med svarte grenser er utvidingsområda det er meldt oppstart for og områda med blå grenser er der det er aktuelt å endre verneform.

3.2 Øystre Slidre kommune

Valdresflye har store landskapsverdiar. Vestre og Austre Fisketjerne på flye må framhevast som eit særleg rike våtmarksområde som saman med Øystre Fisketjerne har vernekvallitetar. Desse to områda har svært stor betydning som hekkeområde for våtmarksfugl, fjelljo og sporvefugl. Dei har og stor betydning som mellomlandingsplass (rasteplass) for gjess, ender og vadefugl. Her er og ein del arktiske artar på trekk. Få andre lokalitetar i denne delen av Innlandet (tidlegare Oppland fylke) kan på same måte vise en komplett fuglefauna knytt til våtmark i høgfjellet. Heile 111 fugleartar er registrert, av desse er 32 på den norske raudlista (2021). Fisketjerne er difor både nasjonalt og internasjonalt perspektiv verneverdige. Flye som særpreget landskapselement aust i Jotunheimen underbygger dette. Delområdet ligg på statsgrunn i Øystre Slidre statsallmenning.

3.3 Årdal kommune

3.3.1 Områda aust for riksveg 55 og Tindevegen, mellom Berdalsbandet og Botnanosi

Dette delområdet ligg som eit belte vest for den noverande vernegrensa til Jotunheimen nasjonalpark. Området kan karakteriserast som låg- til mellomalpin sone. Vegetasjonen i området er ikkje kartlagt.

Villreinen brukar område på både sider av Tindevegen. Bruken av trekkvegane mellom desse områda er heilt avgjerande for at villreinen skal kunne flytte seg mellom beiteområda på Feigumhalvøya og beiteområda aust for Tindevegen. Dei vil også kunne ha ein viktig verdi med tanke på utveksling av dyr mellom Jotunheimen og Reinheimen-Breheimen.

Dei siste vintrane har reinsflokkene halde seg i sørleg del av Gruvefjellet, og kryssa over mot Austanbotn - Botnanosi - Gravdalen. Å inkludere dette området i Jotunheimen nasjonalpark kan vere med å sikre delar av desse viktige beiteområda og trekkvegane for framtida.

Det er ikkje aktuelt å inkludere dei tre stølane i området i ein nasjonalpark. Ei eventuell ny vernegrense vil difor bli trekt rundt stølane Murane, Åsete og Botnen.

Dette området er ikkje oppført med eigar i matrikkelen, og vi ønskjer difor å få tilsendt informasjon om eigartilhøva.

3.3.2 Områda nord for riksveg 53, mellom Øvre Årdal og Tynosen

Området grenser til Utladalen landskapsvernområde, og ikkje til Jotunheimen nasjonalpark. Det er difor naturleg å vurdere å verne dette området som landskapsvernområde heller enn som nasjonalpark.

Arealet er definert som villreinområde. Rapporten om villreinen sin arealbruk i området tek for seg arealbruken til villreinstamma dei siste 50 år.

I dei austlege delane av dette området er det fyllitt i berggrunnen, som legg til rette for ein rik flora av kalkkrevjande artar med tilhøyrande rik insektsfauna. På mesteparten av området med fyllitt i grunnen er det bygd hytter og er difor ikkje aktuelt som verneområde, men delar av fyllittområdet kan vere aktuelt å innlemme i Jotunheimen nasjonalpark.

Dette området er ikkje oppført med eigar i matrikkelen, og vi ønskjer difor å få tilsendt informasjon om eigartilhøva.

3.3.3 Vestlege sidedalar til Utladalen og området rundt Falketind, i Årdal kommune

Dei vestlege sidedalane til Utladalen ligg i dag i Utladalen landskapsvernområde. Ved å inkludere desse områda i Jotunheimen nasjonalpark vil skape ei meir naturleg avgrensing av nasjonalparken, då desse høgareliggjande sidedalane naturleg høyrer saman med dei alpine

fjelltoppane rundt. Sidedalane er viktige område for villreinbukkane. Her kan det også vere eit interessant planteliv som det kan vere grunn for å undersøkje nærare, då ein ikkje finn liknande landskap mange andre stader i landet.

Området rundt Falketind, Stølsnostinden og Hjelledalstinden er ein del av eit alpint fjellmassiv med brear og spisse tindar. Det er utan regulerte elver og større tekniske installasjonar, og er heller ikkje prega av kulturlandskap og ein aktiv bruk av naturen, slik som sjølve Utladalen er. Å inkludere desse områda i Jotunheimen nasjonalpark vil vere med å skape ei meir naturleg avgrensing av nasjonalparken.

Det er ikkje aktuelt å inkludere stølsområde, slik som Fremre Hjelledalen, i nasjonalparken. Å ta vare på verdiane knytt til kulturlandskapet i Utladalen landskapsvernområde er viktig. Dersom endring av verneform gjer det vanskelegare å ta vare på kulturlandskapet for heile eller delar av landskapsvernområdet, vil vi ikkje endre verneform her. For Koldedalsvatnet, som er regulert, er det heller ikkje aktuelt å endre verneform til nasjonalpark.

Delar av dette området er statsallmenning, delar av området er privat eigd, og delar av området er ikkje matrikkelført. Vi ønskjer informasjon om eigartilhøva i den delen av området som manglar eigar i matrikkelen.

3.4 Luster kommune

3.4.1 Området aust for riksveg 55 og Tindevegen, mellom Prestesteinsvatnet og Berdalsbandet

Området ligg som eit belte vest for den noverande vernegrensa til Jotunheimen nasjonalpark. Området kan karakteriserast som låg- til mellomalpin sone. Vegetasjonen i området er mangelfullt kartlagt, men i Naturbase er det registrert eit relativt kalkrikt område nedst på Dyrhaugsryggen. I slike område er det ofte ein rik flora. Plantelivet i dette området er difor interessant å kartlegge nærare.

Villreinstamma i Vest-Jotunheimen nyttar seg av området. Her finn vi både beiteområde og trekkveggar. Bruken av trekkvegane er heilt avgjerande for at villreinen skal kunne flytte seg mellom beiteområda på Feigumhalvøya og beiteområda nordaust for Tindevegen. Dei vil også kunne ha ein viktig verdi med tanke på utveksling av dyr mellom Jotunheimen og Reinheimen-Breheimen.

Dei siste vintrane har ikkje flokken vore over til Luster og områda rundt Fannaråki om vinteren. Vi veit ikkje sikkert kvifor. Det kan vere på grunn av naturlege variasjonar i trekkmønsteret, eller på grunn av ulike forstyrningar som gjer at reinen ikkje vil trekke inn i området (til dømes dårleg beite eller menneskeleg forstyrning). Å inkludere dette området i Jotunheimen nasjonalpark kan sikre at desse viktige beiteområda og trekkvegane blir tekne vare på for framtida.

Delar av området er statsallmenning, medan andre delar av området er privat eigd. Ein liten del av området, på Berdalsbandet og i Helgedalen, er ikkje matrikkelført. Vi ønskjer informasjon om eigartilhøva i den delen av området som manglar eigar i matrikkelen.

3.4.2 Vestlege sidedalar til Utladalen, i Luster kommune

Dei vestlege sidedalane til Utladalen ligg i dag i Utladalen landskapsvernområde. Det er aktuelt å endre grensene slik at desse blir liggande i Jotunheimen nasjonalpark. I desse sidedalane er ikkje elvane påverka av vasskraftutbygging, og det er mindre landbruksaktivitet enn det var på vernetidspunktet. Å inkludere desse områda i Jotunheimen nasjonalpark vil vere med å skape ei meir naturleg avgrensing av nasjonalparken, då desse høgareliggjande sidedalane naturleg høyrer saman med dei alpine fjelltoppane rundt jf. verneformålet. Dei vestlege sidedalane til Utladalen er også viktige for villreinbukkane. Rundt breelvene kan det vere eit interessant planteliv som kan vere interessant å undersøkje nærare, då ein ikkje finne liknande økosystem mange andre stader i landet.

Stølsområda Øysteinbøen og Guridalen vil ikkje bli inkludert i ei eventuell omgjerding av vernestatus. Dei vil framleis vere ein del av Utladalen landskapsvernområde.

Delar av dette området er ikkje matrikkelført, andre delar er privateigd. Vi ønskjer informasjon om eigartilhøva i den delen av området som manglar eigar i matrikkelen.

3.5 Aktuell verneform

På areala i Øystre Slidre og Vågå vil nasjonalpark, altså utviding av eksisterande nasjonalpark, vere mest aktuelle verneform. Vi ser at areala som omfattar Austre og Vestre Fisketjerne kan ha naturreservatkvalitetar aleine, men i utgangspunktet meiner vi at det er mest aktuelt at det er ein del av framtidig nasjonalpark.

Nasjonalpark er og den mest aktuelle verneforma for areala i Luster kommune. For arealet mellom Berdalsbandet og Botnanosi i Årdal kommune er det også nasjonalpark som er den mest aktuelle verneforma. For områda mellom Øvre Årdal og Tyin er også landskapsvernområde ein mogeleg verneform. I så fall vil det vere mest aktuelt å inkludere areala i Utladalen landskapsvernområde. Dersom området mellom Tyin og Øvre Årdal blir ein del av Jotunheimen nasjonalpark vil det ligge som ein åtskild del av nasjonalparken som grensar til Utladalen landskapsvernområde.

For dei områda som i dag ligg innanfor Utladalen landskapsvernområde er det endring av verneform til nasjonalpark som er aktuelt. Dersom det av ulike grunnar ikkje blir aktuelt å endre verneform vil områda halde fram med å vere ein del av Utladalen landskapsvernområde.

4. Juridisk grunnlag for utvida vern

4.1 Lovgrunnlag

Naturmangfaldlova § 35 slår fast at større naturområde som inneheld særeigne eller representative økosystem eller landskap utan tyngre naturinngrep kan vernast som nasjonalpark.

Paragrafen seier også at ingen varig påverknad av naturmiljø eller kulturminne skal finne stad, dersom det ikkje er naudsynt for å ivareta verneføremålet.

Etter siste ledd i § 35 skal det leggjast fram forvaltningsplan samstundes med vernevedtaket.

4.2 Verneføremål

Verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark slår fast at formålet med vernet er *«å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep»*.

I formålsparagrafen heiter det at *formålet med vernet er å ta vare på*

- *eit høgffjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- *store alpine fjellmassiv med brear og spisse tindar med dei høgste fjelltoppane i Noreg*
- *vakre og eigenarta landskap*
- *fjellvatn og vassdragsnatur*
- *særprega geologiske førekomstar*
- *leveområde for villreinen*
- *kulturminne*

Vidare heiter det at *«Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

I utgangspunktet trur vi at verneføremålet til Jotunheimen nasjonalpark er dekkande også for å ivareta verneverdiane som er i utvidingsområda. Det vil avklarast seinare i prosessen om det blir naudsynt å endre verneføremålet for Jotunheimen nasjonalpark eller ikkje.

4.3 Restriksjonsnivå ved eit vern

Verneplanarbeidet skal belyse mogelege konsekvensar av å verne dei områda som er aktuelle for å bli ein del av Jotunheimen nasjonalpark.

Generelt vil eit vern ofte bety eit forbod mot motorisert ferdsel og mot tekniske inngrep slik som nye bygningar, massetak, vegar og andre tekniske installasjonar.

Den bruken som er i området i dag, slik som jakt, fiske, friluftsliv, beite og seterdrift kan vidareførast.

Eit konkret forslag til ny verneforskrift, eventuelt ei endringsforskrift, vil bli utarbeidd som ein del av verneplanforslaget og skal høyrast breitt før eit eventuelt vernevedtak, slik at alle skal kunne påverke prosessen og utfallet. Arbeidet med revisjon av verneforskrifta vil skje koordinert mellom dei to statsforvaltarembeta.

Statsforvaltarane vil vere tydelege på at forskriftsendringa vil ikkje innebere ein “omkamp” med ønskje om å mjuke opp eksisterande vernereglar, men vil gje eit høve til å sjå på om vernereglane godt nok utforma til å ta vare på verneverdiane opp mot bruksinteresser.

4.4 Erstatning

Reglane for erstatning for økonomisk tap på grunn av eit vernevedtak blir regulert i naturmangfaldlova § 50:

«En eier eller rettighetshaver i eiendom som helt eller delvis blir vernet som nasjonalpark, landskapsvernområde, naturreservat, biotopvernområde eller marint verneområde, har rett til erstatning fra staten for økonomisk tap når et vern medfører en vanskeliggjøring av igangværende bruk. For bruk som trenger tillatelse fra offentlig myndighet, gjelder retten til erstatning bare hvis tillatelse er gitt før det er foretatt kunngjøring etter § 42.»

Som igangverande bruk reknast den bruken som går føre seg på vernetidspunktet. Skogbruk blir sett på som igangverande verksemd uansett aktivitetsnivå på vernetidspunktet, og vil difor utløyse erstatning.

Av dei aktuelle utgreiingsområda er det skog i søraustre del av området Hindflyin-Russlie i Vågå. I Her er det eit mindre område med produktiv furuskog, ca. 150-200 daa. Heile skogområdet ligg i Langmorkje statsallmenning. Det er og noke fjellbjørkeskog i nedre delar av Leirungsdalen. Skogen og virkesretten i Langmorkje Statsallmenning blir forvalta som bygdeallmenning av Langmorkje allmenning, med administrasjon og foredlingsanlegg/sagbruk i Randsverk. Statsforvaltaren i Innlandet har dialog med allmenningen rundt eit vern av skogen. Eit eventuelt vern vil følge prosedyrane som ligg til grunn for frivillig vern av skog og som er avklart mellom skogeigarorganisasjonen og Miljødirektoratet. I dei resterande utgreiingsområda er det ikkje inkludert område med skog.

Krav om erstatning må framsetjast innan fire månader etter at vernevedtaket vart gjort, jf. naturmangfaldlova § 51. Staten må gje et tilbud til dei som har kravd erstatning innan eit år frå vernevedtaket. Dersom ein ikkje blir einige om erstatninga, kan grunneigarar og rettshavarar seinast seks månader etter at statens tilbud vart gitt, framsette krav for Statsforvaltaren om at staten begjærer rettsleg skjønn for tingretten til fastsetjing av erstatninga.

4.5 Forvaltningsplan

Etter naturmangfaldlova § 35 skal eit utkast til forvaltningsplan leggjast frem samtidig med vernevedtaket. Forvaltningsplanen skal gi utdjupande retningslinjer for praktisk bruk av verneforskrifta.

Forvaltningsplanen for eit verneområde gir retningslinjer for forvaltning av området etter verneforskrifta. Ein forvaltningsplan skal sikre ein heilskapleg forvaltning av verneområdet ved å gje konkrete retningslinjer for bruk, informasjon, skjøtsel, eventuell tilrettelegging osv. Ved hjelp av ein forvaltningsplan skal ein unngå tilfeldige enkeltavgjersler som kan vere uheldig for verneverdiane.

Det er i regi av nasjonalparkstyret i 2015 bestemt å starte ny prosess for revisjon av forvaltningsplanen (1998/2008). Utkastet frå 2008 ligg til grunn for dagens forvaltning og er

utgangspunktet for den pågåande revisjonsprosessen. Statsforvaltarane vil ha dialog med nasjonalparkstyret om forslag til sonering/retningslinjer for bruk av dei nye areala i verneområdet og sørge for at verneplanarbeidet innpassast i arbeidet med forvaltningsplanen.

5. Tema og problemstillingar for miljø og samfunn til utgreiing i prosessen framover

5.1 Generelt om innhaldet i konsekvensutgreiinga

Krav til innhaldet i konsekvensutgreiinga går fram av kapittel 5 i KU-forskrifta. Generelt gjeld at konsekvensutgreiinga i innhald og omfang skal vere tilpassa det aktuelle verneforslaget, og vere relevant for dei avgjerdene som vi skal ta i prosessen. Vidare skal utgreiinga ta utgangspunkt i relevant og tilgjengeleg informasjon. Ved kunnskapsmangel om viktige forhold skal informasjon bli samla inn så langt det lar seg gjere.

På overskriftsnivå skal konsekvensutgreiinga innehalde omtale av:

- Verneforslaget, inkludert vurderte alternativ
- Miljøtilstanden
- Faktorar som kan bli påverka, og vurdering av vesentlege verknader for miljø og samfunn
- Metode, kjelder og usikkerheit
- Førebygging av negative verknadar

5.2 Metode

Konsekvensutgreiinga for skal anvende Miljødirektoratet si handbok om konsekvensutgreiing av klima og miljø (M-1941), og bruke metodeelement for vurdering av aktuelle tema frå Statens vegvesen si handbok V712. Det inneber at analyseområdet for dei fleste tema blir gitt ei vurdering av verdi, påverknad og konsekvensgrad, anten for heile området, eller for delområde dersom det er tenleg. Andre tema og tiltak vil konsekvensvurderingane vere reint skildrande utan fastsetting av konsekvensgrad. Konsekvensen av verneplanen skal målast opp mot 0-alternativet (ikkje vern). Utgangspunktet for å skildre 0-alternativet er den noverande miljøtilstanden og korleis miljøet truleg vil utvikle seg viss planen ikkje blir gjennomført. For dette verneplanarbeidet vil det vere viktig å synleggjere konsekvensen eit vern vil ha både for område sett under eitt, og for den einskilde kommune, jamfør prinsippet om lokal aksept.

Utgreiingane vil i hovudsak basere seg på kvalitative vurderingar, dvs. ei best mogleg skildring av konsekvensane utan at dei nødvendigvis blir talfesta. For nokre tema kan det vere mogleg å talfeste enkeltverknader.

Gjennom konsekvensutgreiinga ønskjer vi å belyse kva konsekvensar eit eventuelt vern vil få for dei enkelte tema i dei enkelte delområda.

5.3 Tema og problemstillingar vi vil greie ut

Ifølgje KU-forskrifta § 21 skal ei konsekvensutgreiing identifisere og beskrive dei faktorar som kan bli påverka og vurdere verknader for miljø og samfunn. I § 21 er det lista opp ulike faktorar/tema som kan inngå i ei konsekvensutgreiing. Ut i frå § 21 og kunnskap om brukarinteresser i området foreslår vi å innhente kunnskap og lage fagrapportar om følgjande tema og problemstillingar som skal inngå i konsekvensutgreiinga:

5.3.1 Tema som skal greiast ut etter KU-forskrifta

5.3.1.1 *Naturmangfald*

Bakgrunnen for verneprosessen er å ta vare på naturmiljøet i utgreiingsområda som er aktuelle for nytt vern. Å få fram kva naturmangfald som er i området i dag blir difor ein viktig del av verneprosessen. Naturtilstanden i utgreiingsområda vil ligge til grunn for 0-alternativet (ikkje vern) som eit mogeleg vern vurderast opp mot i konsekvensutgreiinga. Temaet omfattar naturmangfald, økosystemtenester, og omsynet til nasjonale og internasjonalt fastsette miljømål.

Vi meiner at det trengs meir kunnskap om naturmiljøet i den delen av utgreiingsområda. Vi vil difor gjennom verneprosessen samle inn ny kunnskap om naturmangfaldet i utvidingsområdet. Kartlegging er gjennomført og fagrapportar er allereie utarbeidd for utvidingsområda i Innlandet, og for utvidingsområdet i Luster. Naturkartlegging av utvidingsområda i Årdal vil bli gjennomført i løpet av 2025. Eksisterande kunnskap om naturmiljøet i området, vil og bli lagt til grunn i det vidare arbeidet. Mellom anna skildrar kunnskapsgrunnlaget som nyleg er utarbeidd til arbeidet med kvalitetsnorm for villrein korleis villreinen nyttar områda i utvidingsområda i Luster og Årdal kommunar.

5.3.1.2 *Kulturminne og kulturmiljø*

Statsforvaltaren i Innlandet har bestilt og motteke ein fagrapport om kulturminne og kulturarv i den delen av utvidingsområdet som ligg i Vågå og Øystre Slidre. Kulturminne knytt til historisk jakt og fangst av villrein, stølsdrift, ferdselsvegar, turisme og krigsåra blir skildra i fagrapporten for Innlandet.

Statsforvaltaren i Vestland ønskjer å bruke Riksantikvaren sine databasar, fagmiljøet i Vestland fylkeskommune og innspel frå arbeidsgruppene som kjelder for å skildre kulturminne og kulturmiljø i utvidingsområda i Luster og Årdal.

5.3.1.3 *Landskap og geologi*

Statsforvaltaren i Innlandet har bestilt og fått ein fagrapport om geologi, kvartærgeologi og landskap i dei aktuelle utvidingsområda i Vågå og Øystre Slidre.

Statsforvaltaren i Vestland ønskjer å skildre dei geologiske og landskapsmessige tilhøva ved å gå gjennom eksisterande kunnskap om dei geologiske førekomstane i områda som er tilgjengeleg i ulike databasar. Innspel frå geologiske fagmiljø, til dømes ved Høgskulen på Vestlandet, vil også ligge til grunn for ein fagrapport om dette temaet.

5.3.1.4 Friluftsliv

Utøving av jakt og fiske blir ikkje regulert av verneforskrifta. Vi ønskjer likevel å beskrive korleis dei ulike områda blir nytta til friluftsliv, jakt og fiske, slik at vi kan seie noko om konsekvensane eit vern vil ha på desse aktivitetane.

Redningstenesta er ein viktig beredskap gjennom året for dei som utøver friluftsliv. Det blir viktig å finne ut korleis eit vern vil påverke redningstenesta sin aktivitet i utgreiingsområda. Vi ønskjer difor å finne ut kva slags aktivitet Røde Kors og Norsk Folkehjelp har i dei aktuelle utvidingsområda i dag.

Statsforvaltaren i Innlandet har utarbeidd ein fagrapport om friluftsliv, som beskriv korleis utgreiingsområda i Vågå og Øystre Slidre blir brukt til friluftsliv, samt eigne rapportar som skildrar omfanget av jakt og fiske.

5.3.1.5 Landbruk og tamrein

Utgreiingsområda blir i variert grad brukt til ulike landbruksføremål (beiting og seterdrift). I utgreiingsområdet på austsida er det tamreindrift. I samband med denne aktiviteten kan det følgje tiltak og aktivitetar av varierende grad og utstrekning; traktorveggar, saltsteinar, gjerde og bygg.

Statsforvaltaren i Innlandet har fått utarbeidd ein fagrapport som skildrar om omfanget av landbruks- og tamreinsnæringa innanfor det aktuelle utvidingsområdet.

Statsforvaltaren i Vestland skal utarbeide ein tilsvarande rapport. Data frå NIBIO som er tilgjengeleg gjennom kartløysninga Kilden, kommunane, og relevante medlemmar i arbeidsgruppene vil bli viktige kjelder til denne fagrapporten.

5.3.1.6 Jordressursar og viktige mineralressursar

Vi vil omtale potensialet for gruvedrift og mineralutvinning i området. Dette er aktivitetar som ikkje er mogeleg å drive med innanfor ein nasjonalpark. Her vil Direktoratet for mineralforvaltning kunne kome med innspel på kva ressursar som er innafor utgreiingsområdet.

Statsforvaltaren i Innlandet har utarbeidd ein rapport som går gjennom potensialet for andre næringar i utvidingsområdet enn landbruk og reiseliv, som omtalar denne tematikken.

Statsforvaltaren i Vestland skal utarbeide ein tilsvarande rapport, og skal bruke fakta frå NGU, DMF og eksisterande berggrunnskart i dette arbeidet.

5.3.1.7 Verknader som følgje av klimaendringar

Klimaendringar påverkar naturmangfaldet og verneområda si evne til å ta vare på verneverdiane. Utviding og supplering av verneområde kan styrkje økologiske nettverk, auke robustheit og sikre samanhengande klimagrader. Store verneområde gir betre grunnlag for intakte økologiske prosessar, artsmigrasjon og klimatilpassing.

Statsforvaltarane skal, i tråd med naturmangfaldlova §§ 8–10 og §§ 41–43, sikre eit kunnskapsgrunnlag om korleis utvidingar og endringar i verneform bidreg til økologisk

samanheng og klimabestandigheit. Vurderingane skal omfatte klima, framtidige endringar og alternative avgrensingar, og dokumenterast. Klimaprofilar frå Norsk klimaservicesenter bør nyttast og ved behov supplerast med nedskalerte data og stadspesifikke vurderingar.

5.3.2 Tema som skal greiast ut som ikkje er omfatta av KU-forskrifta

5.3.2.1 Reiseliv

Reiselivet er ei viktig næring for bygdene kring Jotunheimen. For å vurdere konsekvensane ei eventuell utviding av nasjonalparken vil få for reiselivet ønskjer vi fyrst å utarbeide ein fagrapport som skildrar reiselivsaktiviteten i utgreiingsområda.

Statsforvaltaren i Innlandet har lagd ein rapport som skildrar reiselivet i utgreiingsområda i Øystre Slidre og Vågå.

Statsforvaltaren i Vestland skal gjere det i løpet av året. Viktige kjelder til denne rapporten blir kommunane, og representantar for reiselivet som også er representert i arbeidsgruppene.

5.3.2.2 Andre næringar enn landbruk, reiseliv og mineralutvinning

Forslaget til utvidingsområde inkluderer ikkje område med eksisterande vasskraftanlegg. Det vil likevel vere viktig å kartlegge korleis desse områda blir brukt av dei som eig vasskraftanlegga, til dømes til tilkomst. For dette temaet vil samtaler med aktørane sjølv, som også sit i arbeidsgruppene, vere den viktigaste kjelda til kunnskap.

Å bygge ut nye kraftanlegg inne i ein nasjonalpark er ikkje mogeleg. Difor ønskjer vi å samle kunnskap om mogelege framtidige kraftprosjekt. Det kan vere ny småkraftutbygging, vindkraftverk, solkraftverk, eller anna. Her vil viktige kjelder til kunnskap vere NVE, kommunen, og aktørar som tidlegare har vist interesse for å bygge ut vindkraft i fjella rundt Årdal.

Statsforvaltaren i Innlandet har utarbeidd ein rapport som går gjennom potensialet for andre næringar i utvidingsområdet enn landbruk og reiseliv, som omtalar denne tematikken.

Areal for fritidseigedommar, forsvaret sin bruk av områda, og bruk av områda til forskning og undervisning er også tema som skal omtalast i fagrapportane og konsekvensutgreiingar.

5.3.2.3 Energi, linjer og kablar

Oppføring av nye kraftliner vil i utgangspunktet ikkje vere aktuelt innanfor ein nasjonalpark. Det er difor viktig at vi gjennom prosessen får kartlagt behovet for nye kraftliner i eller rundt det aktuelle utvidingsområdet. Vi har fått innspel om at det snart skal bestemast kvar ny trase for kraftliner mellom Luster og Årdal skal gå. Dette ønskjer vi å omtale i faggrunnlaget.

I konseptskissa for prosjektet til Statnett er det teikna inn tre mogelege løysningar på kraftframføring til Årdal. Ein av løysningane ligg tett inn mot utvidingsområdet, der den noverande kraftlina mellom Årdal og Fortun går. Dei to andre løysningane går ikkje innanfor utvidingsområdet, men tvers over Feigumhalvøya. Dersom det samla sett er ein betre løysning å legge den nye kraftlina i noverande trase, vil det vere mogeleg å ta omsyn til dette når vi i neste fase skal foreslå vernegrenser og verneregjar.

Å få meir informasjon om denne kraftlina vil vere ein vesentleg del av fagrapporten om dette temaet. Viktige kjelder blir konseptskissa til Statnett, oversiktskart over kraftliner, samtale med NVE og andre myndigheiter, og bruk av arbeidsgruppene.

5.3.2.4 Motorferdsel

Motorferdsel er naudsynt i samband med fleire av aktivitetane som i dag føregår i utgreiingsområda. Dette gjeld innanfor både landbruk, tiltak i samband med friluftsliv og vedlikehald av og tilkomst til energianlegg. Omfanget av motorferdsel i utgreiingsområda vil bli utgreidd. Statsforvaltaren i Innlandet har fått utarbeidd fagrapportar på dette for kvar kommune. Statsforvaltaren i Vestland vil lage eit liknande faggrunnlag.

5.3.3 Samla vurdering

Konsekvensutgreiinga vil gi ei samla vurdering der konsekvensane av verneforslaget for ulike tema blir samanstillt og avvegne. Den samla vurderinga skal også sjå på samla verknader av eksisterande og nytt vern for kommunane og verksemdar.

Der det er fleire alternative verneformer (som landskapsvernområde eller nasjonalpark) som er aktuelle å greie ut, må dette tydeleggjerast for dei einskilde areala der det er aktuelt. Dersom berre éi verneform er aktuell, skal dette gå fram. Det same gjeld restriksjonane som det no blir greidd ut grunnlag for. Dersom det ikkje er aktuelt med alternativ i forskrifta, jamført krava til verneforma i naturmangfaldlova, skal dette ikkje gå fram i teksten. Blir det foreslått ei alternativ verneform, må det aktuelle planområdet kunne stå seg som eit sjølvstendig verneområde.

Konsekvensutgreiinga skal samanstillе og samanlikne konsekvensane av ulike alternativ, og vurdere desse opp mot relevante planar, mål og retningslinjer, mellom anna:

- Internasjonale mål for naturmangfald (det globale Kunming–Montreal-rammeverket for naturmangfald, ofte kalla «Naturavtalen» og FNs berekraftsmål),
- Natur for livet – norsk handlingsplan for naturmangfald (2015),
- Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 35, 2023–2024) med nasjonale mål for naturmangfald, inkludert mål 1.3 om bevaring av eit representativt utval av norsk natur,
- eksisterande verneområde,
- kommunale samfunns- og arealplanar.

5.4 Fagrapportar som allereie er bestilt

Statsforvaltaren i Innlandet har bestilt og fått levert følgande fagutgreiingar (sjå tabellen under), som skal ligge til grunn for konsekvensutgreiinga.

Tabell 4. Bestilte kartleggingsrapportar for områda i Innlandet

Tema	Firma/konsulent	Dato for rapportering
Vegetasjon og fauna	Miljøfaglig utredning (2 feltsesongar 2023 og 24)	1. november 2024
Landskap/kvartærgeologi	NordPlan i Vågå feltsesong 2024	1. november 2024
Landbruk, tamrein, jakt og fiske, vegar, bygningar/anlegg	Vågå fjellstyre Øystre Slidre fjellstyre	1. november 2024 1. juni 2025
Motorferdsel	Vågå og Øystre Slidre kommune	1. november 2024
Anna næringsutvikling	Marit Vorkinn (SFIN)	1. november 2024
Reiseliv og friluftsliv,	Marit Vorkinn (SFIN)	1. november 2024
Lokal identitet/verknad for lokalsamfunn,	Marit Vorkinn (SFIN)	1. november 2024
Kulturminne	Innlandet fylkeskommune, Enhet for kulturarv/kulturminneforvaltning – feltsesong 2024	1. november 2024
Fiskelause vatn på Valdresflya	Universitetet i Bergen	1. november 2026
Rovvilt/beitebruk	Harald Klæbo (SFIN)	

Statsforvaltaren i Vestland skal bestille/lage tilsvarande fagrapportar for områda i Vestland, utanom for temaet lokal identitet. Fagrapportane vil danne grunnlag for konsekvensutgreiinga og vidare arbeid i arbeidsgruppene med diskusjon rundt naudsynte endringar i verneforskriftene, arbeid med grensedraging og fastsetjing av verneform i eit framtidig høyringsdokument. Der det skal hentast inn ny kunnskap skal denne, så langt det er råd, innhentast etter metoden som beskrivast i M-1941 eller anna metodikk.

Statsforvaltaren i Vestland skal ha alle fagrapportane klare innan 1. november 2026.

For å lage fagrapportane ønskjer Statsforvaltaren i Vestland å bruke både intern og ekstern kompetanse. Kartleggingane av vegetasjonen i utgreiingsområdet vil bli gjennomført av eksterne naturkartleggarar. For tema geologi og landskap, kulturminne, motorferdsel, og energi, kablar og liner/anna næringsutvikling, ønskjer Statsforvaltaren i Vestland å levere fagrapportar med utgangspunkt i intern kompetanse, men med påkopling av ekstern kompetanse der vi ikkje har tilstrekkeleg kompetanse internt. For nokre av desse temaa ønskjer vi eit samarbeid med arbeidsgruppene for Årdal og Luster under utarbeidinga fagrapportane. Det kan vere aktuelt å

engasjere enkelte av medlemmane til å levere korte fagrapportar eller faggrunnlag på ulike tema.

5.5. Konsekvensutgreiing med utgangspunkt i fagrapportane

Fagrapportane vil leggje grunnlaget for sjølve konsekvensutgreiinga, som ser på kva konsekvensar ei utviding av Jotunheimen får på dei interessene, verdiane og kvalitetane som er skildra i fagrapportane. Ei konsekvensutgreiing skal også omfatte en gjennomgang av aktuelle avbøtande tiltak. Fleire av kommunane har i tidleg fase av prosessen uttrykt at ny lokal verdiskaping, i form av lokale arbeidsplassar knytt til forvaltning av verneområda, kan vere eit avbøtande tiltak.

Restriksjonsnivået i noverande verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark vil vere utgangspunktet for konsekvensutgreiinga, men aktuelle endringar av verneforskrifta må det også takast høgde for i dette arbeidet.

Statsforvaltaren i Innlandet og Statsforvaltaren i Vestland ønskjer å bestille konsekvensutgreiing av tema *landbruk og reiseliv* av eksterne aktørar. På dei andre temaa naturmangfald, landskap og geologi, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv og utnytting av mineralressursar meiner Statsforvaltarane at konsekvensutgreiinga kan gjerast av embeta sjølve. Statsforvaltarane ønskjer også å sjølve vurdere konsekvensane eit vern vil få på anna næringsutvikling, energi, linjer og kablar, lokal identitet/verknad for lokalsamfunn og motorferdsel.

Tabell 5. Oversikt over tema etter KU-forskrifta og andre aktuelle tema.

Tema	Omfattast temaet av KU-forskrifta?	Metode for utgreiing	Merknad
Naturmangfald	<i>Ja</i>	<i>M-1941</i>	
Landskap og geologi	<i>Ja</i>	<i>M-1941</i>	
Kulturminne og kulturmiljø	<i>Ja</i>	<i>M-1941</i>	
Friluftsliv	<i>Ja</i>	<i>M-1941</i>	
Landbruk og tamrein	<i>Ja</i>	<i>V712 og rettleiing/metodikk frå Landbruksdirektoratet</i>	<i>Landbruk er ikkje nemnt i KU-forskrifta § 21, berre jordressursar (jordvern)</i>
Jordressursar og viktige mineralressursar	<i>Ja</i>	<i>M-1941 og rettleiing frå Direktoratet for mineralforvaltning</i>	
Klimaendringar	<i>Ja</i>	<i>Skildrande vurderingar</i>	
Reiseliv	<i>Nei</i>	<i>Skildrande vurderingar</i>	
Andre næringar enn landbruk, reiseliv og mineralutvinning	<i>Nei</i>	<i>Skildrande vurderingar</i>	
Energi, linjer og kablar	<i>Nei</i>	<i>Skildrande vurderingar</i>	

6. Medverknad

6.1 Kva er medverknad?

Medverknad er ofte forstått som den retten som enkeltpersonar og grupper har til å kunne delta i, og påverke offentlege utgreiings- og vedtaksprosessar. Det betyr også at folk i eit samfunn er med på å planlegge si eiga framtid. Målet med medverknad er å:

- sikre gode løysingar som tar omsyn til ulike behov, t.d. gamle rettar
- leggje til rette for at alle relevante og interesserte aktørar kan komme til orde
- fremje engasjement
- skaffe eit godt kunnskapsgrunnlag og dermed også eit godt grunnlag å basere eit eventuelt framtidig vernevedtak på.

6.2 Korleis kan ein medverke?

Klima- og miljødepartementet har fastsett eit eige rundskriv T-2/15 med sakshandsamingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldlova. Rundskrivet utfyller reglane som følgjer av §§ 41-43 i lova. Sakshandsamingsprosessen er skjematisk framstilt i figur 1 i kapittel 1. Prosessen legg opp til to opne høyringsfasar der alle har høve til å gi innspel og merknader.

1. Oppstart/meldingsfase. Statsforvaltarane melder oppstart av verneplanarbeidet med forslag til utgreiingsprogram. Oppstart blir annonsert i aviser, på nett og med brev til kommunar og kjende interessentar. Frist for innspel skal vere god nok til å kunne leggje til rette for politisk handsaming i kommunane.
2. Høyring av verneframlegg. Statsforvaltarane legg eit forslag til vern med kartavgreinsing, verneføresegn og høyringsdokument/konsekvensutgreiing ut til offentlig ettersyn. Høyringa blir annonsert i aviser, på nett og med brev til kommunar og kjende interessentar. Frist for innspel er minimum to månader.

Dei to omtalte fasane er dei viktigaste for å kunne påverke saksutgreiinga og tilrådinga frå Statsforvaltarane. Etter høyringa blir det utarbeidd eit endeleg verneplanforslag som kommunane får høve til å handsame politisk.

6.3 Arbeidsgrupper

I tillegg vil lokale arbeidsgrupper vil følgje den vidare prosessen. Arbeidsgruppene mandat blir å gi innspel på korleis planprosessen bør leggjast opp og kva utgreiingar som er naudsynte. Gruppene vil også spele ei viktig rolle for å få fram og skildre den bruken som er i områda i dag og i kva grad vernereglar og -grenser kan utformast for å ivareta dagens bruk samstundes som verneverdiane blir ivaretatt. Statsforvaltaren vil ha det endelege ansvaret for å vekte omsyna

mellom brukarinteresser og verneverdiar og fremme et evt. verneforslag på bakgrunn av dette. Arbeidsgruppene vil ha en rådgivende rolle i prosessen.

6.3.1 Arbeidsgrupper i Innlandet

I Vågå er det etablert to arbeidsgrupper. Ei gruppe for direkte berørte bruksinteresser, og ei gruppe for organisasjonar som representerer brukarinteresser.

Gruppe 1: Bruksinteresser direkte

- Repr. for beitebrukare
- Repr. for setereigarar
- Repr for reiselivsbedrifta;
- Vågå tamrein
- Vågå fjellstyre/og eller Almenningen
- Kommunen (ved behov)

Gruppe 2: Organisasjonar som representerer bruksinteresser

- Nasjonalparkriket Reiseliv
- Naturvernforbundet i Ottadalen
- Vågå Bonde og Småbrukarlag
- Sel og Vågå Bondelag
- Vågå Sau og Geit
- BirdLife Oppland

I Øystre Slidre er det etablert ei felles arbeidsgruppe:

- Øystre Slidre fjellstyre – sekretær eller leder;
- Beitebruksinteresser: Skaget Bitihorn beitelag
- Reiselivet; Visit Valdres; Beitostølen utvikling/drift av løypenett –
- Tamrein, Fram beitelag;
- Naturvernforbundet i Valdres
- Fjellgrensenettverket i Valdres;
- BirdLife Valdres
- Øystre Slidre bondelag;
- Øystre Slidre bonde- og småbrukarlag;
-

6.3.2 Forslag til arbeidsgrupper i Vestland

I Vestland er det ikkje etablert arbeidsgrupper enda. Vi vil ha ei arbeidsgruppe i kvar kommune. Forslaget til samansetting av arbeidsgruppene som presenterast under er utarbeidd saman med Luster og Årdal kommunar. For at arbeidsgruppene ikkje skal bli for store ønskjer vi at nærliggande aktørar samlar seg om felles representasjon. Vi ønskjer difor innspel på samansettinga av arbeidsgruppene, og gjerne også på kven som bør representere dei ulike interessegruppene.

Forslag til arbeidsgruppe, Luster kommune

- Representant for politisk nivå
- Representant for administrativt nivå
- Representant for grunneigarane frå den delen av Utladalen der endring av verneform er aktuelt
- Representant for grunneigarane frå området der det er aktuelt med «nytt vern»
- Representant for beiteinteressene
- Representant for næringsinteresser/kraftinteresser i området (til dømes frå Hydro, LINJA eller Breheim Nett)
- Representant for reiselivsnæringa i området (til dømes frå DNT, Visit Sognefjorden, Turtagrø, guideselskap, Tindevegen eller liknande)
- Representant for Luster Austre fjellstyre
- Representant for naturverninteressene (til dømes frå Naturvernforbundet)
- Representant for idrettslag (IL Fanaråk)
- Representant for redningstenesta (Luster Røde Kors)
- Representant for friluftslivet (til dømes frå Luster turlag eller Luster Jeger- og Fiskeforeining)
- Representant for villreininteressene (til dømes frå villreinutvalet)

Forslag til arbeidsgruppe, Årdal kommune

- Representant frå politisk nivå (ordføraren)
- Representant for administrativt nivå
- Representant for grunneigarane frå den delen av Utladalen der endring av verneform er aktuelt
- Representant for grunneigarane frå området der det er aktuelt med «nytt vern»
- Representant for beiteinteressene
- Representant for Hydro
- Representant for Årdal Energi
- Representant for reiselivsnæringa i området (til dømes frå DNT, Turtagrø, Visit Sognefjorden, Visit Årdal, guideselskap, Tindevegen)
- Representant for Årdal fjellstyre
- Representant for naturverninteressene (til dømes frå Naturvernforbundet eller frå For folk og fjell)
- Representant for idrettslaga (til dømes frå IL Jotun eller frå idrettsrådet)
- Representant for redningstenesta (Norsk Folkehjelp Årdal)
- Representant for friluftslivet (til dømes frå Årdal turlag eller Årdal Jeger- og Fiskeforeining)
- Representant for villreininteressene (til dømes frå villreinutvalet)

7. Vidare arbeid

7.1 Framdriftsplan

Proessen med utviding av nasjonalparken har kome noko lenger for områda i Innlandet enn for områda i Vestland. Statsforvaltarembeta ønskjer å samkøyre dei to prosessane, og sende ut forslag til ny verneforskrift og vernegrenser på felles høyring. Tabellen under gir ei oversikt over den førebelse framdriftsplanen for det vidare arbeidet i Innlandet og i Vestland. Sjå også tabell 3 i kapittel 1 for ei meir skjematisk framstilling av planarbeidet.

Tabell 6. Framdriftsplan for verneplanarbeidet Jotunheimen/Utladalen.

	Innlandet	Vestland
Etablering av arbeidsgrupper	Gjort	Pågår
Bestilling av fagrapportar	Gjort	Pågår
Ferdigstilling av fagrapportar	Desember 2024/januar 2025	Pågår
Arbeid med verneforskrift/vernegrenser	Hausten 2025/vinteren 2026	
Synfaringar	Løpande i 2025 og 2026	
Utsending av anbud på KU	Våren 2026	
Levering av KU	Hausten 2026	
Utarbeiding av høyringsdokument med verneforskrift og vernekart	Hausten 2026/vinteren 2027	
Sende verneforslaget til Miljødirektoratet for fagleg gjennomgang	Vinteren 2027	
Høyring	Våren 2027	
Sende tilråding med verneplanframlegg til Miljødirektoratet	Hausten 2027	
Behandling i Klima- og miljødepartementet og Kongeleg resolusjon	2028 / 2029	

7.2 Utarbeiding av verneforslag

Innspela som kjem inn på ulike tidspunkt i verneprosessen vil bli vurderte når Statsforvaltaren utarbeider eit verneforslag. Dette gjeld innspel som er kome inn til oppstartsvarelet/utgreiingsprogrammet, innspel frå arbeidsgruppene, samt innspel i høyringa. Når verneforslaget er ferdig, og Miljødirektoratet er ferdige med den faglege gjennomgangen av dette, vil det bli sendt på ei lokal og sentral høyring.

Høyringa vil bli kunngjort i aviser, og saksdokumenta vil liggje til offentleg ettersyn i dei aktuelle kommunane og hos Statsforvaltaren. Grunneigarane vil få forslaget tilsendt, det same vil

organisasjonar, myndigheiter og andre interessentar Statsforvaltaren har vore i kontakt med i samband med arbeidet.


Etter høyringa vil høyringsfråsegnene bli vurderte, og planforslaget revidert i samsvar med innhaldet i høyringsfråsegnene. Statsforvaltaren sender dei innkomne fråsegnene, eit samandrag av desse, og si tilråding i saka vidare til Miljødirektoratet. Oppsummeringa og tilrådinga vil òg bli sendt til dei råka kommunane, grunneigarar, rettshavarar og andre sentrale høyringspartnarar. Statsforvaltaren vil ikkje tilrå vern av område der kommunane går mot dette.

Miljødirektoratet vil gjere si eiga vurdering av innspela og Statsforvaltaren si tilråding. Deretter blir direktoratet si tilråding sendt til Klima- og miljødepartementet for sluttbehandling. Departementet vurderer så verneforslaga, fråsegnene og tilrådinga før saka blir lagd fram for regjeringa. Eit eventuelt vernevedtak blir fatta av Kongen i statsråd. Dette kan tidlegast skje i 2027.

7.3 Innspel til oppstartsmelding og utgreiingsprogram

Det vart gitt ein frist til 01.09.2025 for å komme med synspunkt og innspel om interesser eller andre forhold som bør vurderast i prosessen. Vi fekk 17 innspel til oppstartsmeldinga og utgreiingsprogrammet. Innspela vi fekk til forslaget er oppsummert i det vedlagte notatet, og ligg til grunn for det fastsette utgreiingsprogrammet.

Dersom du har spørsmål om verneplanarbeidet, ta kontakt med rådgjevar Halvor Røssum (Statsforvaltaren i Vestland, telefon 57 64 31 44, e-post halvor.rossum@statsforvalteren.no) eller seniorrådgjevar Harald Klæbo (Statsforvaltaren i Innlandet, telefon 61 26 60 56, e-post harald.klabo@statsforvalteren.no).



STATSFORVALTEREN I INNLANDET

Postboks 987, 2604 Lillehammer | sfinpost@statsforvalteren.no | www.statsforvalteren.no/innlandet

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Statens hus, Njøsavegen 2, 6853 Leikanger | sfvlpost@statsforvalteren.no | www.statsforvalteren.no/vestland



34

